

Samarbeid i elektronisk individuell plan

30.08.2022 TEAM SAMHANDLING: Stig Igland, Emma Bjørnsen, Maria Ljunglöf

Bakgrund

Kommunar melder at Helse Førde vegrar seg for å delta i elektronisk individuell plan (e-IP - Samspill)

Avviksmelding frå Helse Førde på Visma Flyt Sampro/Samspill

Behov for felles samarbeidsprosedyre for kommunane og Helse Førde.


Behov for oversikt over kven som deltek i e-IP i helseføretaket og kva deltakarane opplever som problemområde.



Mål

Det er ønska å få på plass betre samarbeid mellom kommunar og helseføretak i elektronisk individuell plan, som ein del av eit pasientforløp. I tråd med lovverket gjeld dette pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde har valt å nytte Visma Flyt Samspill.

Den overordna målsettinga vår er å sikre god bruk av Samspill i Helse Førde, i samarbeid med kommunane, der det er behov for koordinerte tenester.



The screenshot shows the login interface for 'Flyt Samspill'. At the top is a logo consisting of five interlocking shapes in green, orange, and blue. Below the logo is the text 'Flyt Samspill'. Underneath is a label 'Brukernavn' followed by a text input field containing the placeholder 'brukernavn'. Below the input field is a green button with the text 'Logg inn'. To the right of the button is a blue link labeled 'Glemt passordet?'. At the bottom right of the page is the 'VISMA' logo.

Kva gjorde vi?

Telefonrunde til alle kommunar.

Fokusgruppeintervju med to seksjonar i helseføretaket

Intervju av tre føresette til barn med IP.

Utarbeidd forslag til løysingar på problemområde

Opplæring i programmet


Etablert arbeidsgruppe rundt arbeid med ny felles samarbeidsprosedyre.

Utarbeidd samarbeidsprosedyre



No veit vi meir om

- kor mange IP kommunane i Helse Førde sitt føretaksområde har
- kommunane i føretaksområdet har kjøpt programvara Visma Flyt Samspill, elektronisk individuell plan (e-IP).
- samarbeid mellom kommunane og helseføretaket
- korleis tilsette i Helse Førde opplever bruken av Visma Flyt Samspill
- korleis brukar/føresette erfarer arbeidet med individuell plan



- **Resultat**

Alle kommunar i Helse Førde sitt føretaksområde har no kjøpt programvaren Visma Flyt Samspill.

Helseføretaket har fått betre kunnskap om Visma Flyt Samspill generelt, og korleis programmet kan brukast for å imøtekomme deira behov.

Lågare terskel for å delta i e-IP for tilsette i føretaket

Lettare å logge inn på programmet, m.a. gjennom direkte inngang via Dips.

Betre kunnskap om samarbeid i e-IP både i kommunar og i helseføretaket.

Lettare å forstå kva pasient/brukar meldingar frå kommunane gjeld

Lettare for leiarar å ha oversikt over kven som deltar i arbeid med e-IP – særleg viktig ved skifte av behandlar

Felles prosedyre er utarbeidd og levert til samhandlingssjef og samhandlingskoordinator for kommunane

Vidare

Meir opplæring i bruk av e-IP. Gjerne i lag med kommunane

Kompetansen om individuell plan og koordinator må bli betre i helseføretaket

Betre opplæring for koordinator både i kommunar og helseføretaket

Pasient/brukarmedverknaden må bli reell/styrkast

Leiarane i Helse Førde må ha eit overordna fokus på vår deltaking i, og bruk av, e-IP

Arbeid med koordinator og individuell plan bør inn i Helsefelleskapa

